



## FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Postboks 185, 5002 BERGEN  
Telex 42 151 • Telefax 55 23 80 90 • Tlf. 55 23 80 00

### MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J-181-96

(J-46-90 ER UTGÅTT)

Bergen., 31.10.1996  
EHB/BS

### FORSKRIFT OM EININGSKVOTEORDNING FOR TORSKETRÅLARFLÅTEN

I medhold av lov av 3. juni 1983 nr. 40, om saltvassfiske m.v. § 5a er det ved kgl. res. av 11. oktober 1996 fastsatt forskrift om einingskvoteordning for torsketrålarflåten.

#### § 1 Kven forskrift gjeld

Forskrifta gjeld for den konsesjonspliktige trålarflåten som har høve til å ta del i fisket etter torsk med trål, jf. forskrift av 12. desember 1986 om tildeling av løyve til å drive fiske med trål, §§ 2-1, 3-1 og 4-1.

#### § 2 Føremål

Ordninga med einingskvote har som føremål å tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget for trålarflåten nemnt i § 1.

#### § 3 Einingskvote

Årskvota for fiske etter torsk og hyse med trål nord for 62° N, jf. forskrift om tildeling av løyve til å drive fiske med trål §§ 4-1, 2-1, og 3-1, kan delast i einingskvotar.

Ein einingskvote skal setjast lik ein stortrålarkvote, (kvotefaktor 1,0).

Einingskvoten for fartøy med mindre enn ein heil stortrålarkvote, (kvotefaktor mindre enn 1,0), blir fastsett i høve til fartøya sin kvotedel i torsketrålfiske pr. 31. desember 1995.



## FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Postboks 185, 5002 BERGEN  
Telex 42 151 • Telefax 55 23 80 90 • Tlf. 55 23 80 00

### § 4 Grupper

Trålarflåten skal etter denne forskrifta delast i følgjande grupper:

- a) Fabrikktrålarar og saltfisktrålarar over 400 BRT og fartøy som etter konsesjonsvilkåra er ferskfisk - rundfrysetrålarar eller småtrålarar med ombordproduksjon pr. 31.12.95.
- b) Ferskfisktrålarar over 250 BRT og 115 fots lengste lengde og rundfrysetrålarar over 400 BRT, utan ombordproduksjon.
- c) Småtrålarar og kombinasjonsfartøy og fartøy med uinnskrenka trålløyve, utan ombordproduksjon.

Fiskeridirektoratet avgjer kva for gruppe eit fartøy skal reknast for å høyre til i høve til denne forskrifta. Fiskeridepartementet kan gje utfyllande reglar om kva som skal reknast for ombordproduksjon etter denne føresegna.

### § 5 Samarbeidande reiarlag/samanslutningar

Samarbeidande reiarlag er to eller fleire reiarlag som har etablert eit eigarfellesskap utan å dele styringsorgan og administrasjon.

Samanslutning mellom to eller fleire reiarlag er eit eigarfellesskap der reiarlaga deler same administrasjon og styringsorgan.

Forma for samarbeid må godkjennast av Fiskeridirektoratet.

### § 6 Reiarlag som kan tildelast einingskvote

Eit reiarlag som eig eller blir eigar av to eller fleire fartøy og som i 1995 hadde trålkonsesjon og var tildelt kvote av torsk og hyse nord for 62° N, kan etter søknad tildelast einingskvote eller del av ein einingskvote.

To eller fleire reiarlag innan ein region, som begge eller alle disponerer fartøy som nemnt i første leden, kan gjere avtale om samanslutning eller samarbeid som nemnt i § 5, og tildelast einingskvote på same måte som fleirbåtsreiarlag etter første leden. Fiskeridepartementet fastset mindre regionar der samanslåing eller samarbeid kan skje utfra omsynet til tilførselen av råstoff til ein region eller eit eller fleire landanlegg.



## FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Postboks 185, 5002 BERGEN  
Telex 42 151 • Telefax 55 23 80 90 • Tlf. 55 23 80 00

Ein stortrålar kan ikkje disponere meir enn 2 einingskvotar. Ein småtrålar kan ikkje disponere meir enn 1,1 einingskvotar. Eit reiarlag, ei samanslutning eller fleire samarbeidande reiarlag kan ikkje disponere meir enn 9 einingskvotar.

**Einingskvoten kan ikkje overdragast.**

### § 7 Vilkår for tildeling av einingskvote for fartøy som er teke ut av fisket

Einingskvote eller deler av ein einingskvote etter § 7, kan tildelast når:

- a) fartøya høyrer til same gruppe, jfr. § 4, og
- b) reiarlaget, samanslutninga eller dei samarbeidande reiarlaga melder eitt eller fleire fartøy som blei tildelt kvote av torsk nord for 62° N i 1995, ut av merkjeregisteret, og
- c) alle konsesjonar på fartøyet eller fartøya, som blir meldte ut av merkjeregisteret, blir gitt opp, og
- d) det blir tinglyst i skipsregisteret at fartøyet eller fartøya ikkje kan nyttast i fiske lagt under norsk fiskerijurisdiksjon og at fartøyet eller fartøya ikkje kan kome tilbake i fiske i strid med norske interesser.

Fiskeridirektoratet kan nekte samanslåing mellom to eller fleire fartøy i same gruppa dersom regionale omsyn eller omsyn til tilførsel av råstoff til eit distrikt eller eit eller fleire landanlegg tilseier det. Det kan setjast vilkår ved samanslåing, jfr. tredje leden.

Fiskeridirektoratet kan etter søknad gi løyve til samanslåing mellom gruppene som nemnt i § 4 bokstav b og c. Det kan setjast vilkår ut frå regionale omsyn, vilkår som sikrar tilførsel av råstoff til det distriktet det uttekne fartøyet er heimehøyrande og vilkår som tek omsyn til tilførsel av råstoff til eit eller fleire landanlegg.

Fartøy som nemnt i § 4 første leden bokstav b og c og som har fått løyve til samanslåing, kan ikkje legge om til ombordproduksjon.

Einingskvote kan tildelast utan at tilleggskonsesjonar på det utmelde fartøyet må oppgis som nemnt i første leden bokstav c. Ved avgjerda skal det leggjast vekt på om oppgivelse av tilleggskonsesjonar vil stride mot distrikts- og fiskeripolitiske målsetjingar.

Einingskvote kan tildelast årleg i inntil 13 år.

Fiskeridirektoratet kan fastsetje nærmare vilkår for tildeling av einingskvote.



## FISKERIDIREKTORATET

Strandgaten 229, Postboks 185, 5002 BERGEN  
Telex 42 151 • Telefax 55 23 80 90 • Tlf. 55 23 80 00

### § 8 Regional binding

Tildeling av einingskvote eller deler av ein einingskvote til fartøy heimehøyrande i Sør-Noreg kan ikkje skje som følgje av uttak av fartøy heimehøyrande i Nord-Noreg (Finnmark, Troms eller Nordland). Dette gjeld likevel ikkje ved samanslåing innan gruppa som nemnt i § 4 første leden bokstav a.

Etter denne forskrifta er eit fartøy heimehøyrande der det er registrert pr. 1. januar 1996, jf. lov av 5. desember 1917 nr. 1 om registrering og merking av fiskefartøy § 4.

### § 9 Delegasjon

Fiskeridirektoratet gjer vedtak etter denne forskrifta.

### § 10 Ikraftsetjing og anna

Denne forskrifta trer i kraft 1. januar 1997 og gjeld til og med 31. desember 1998.

Fartøy teke ut seinast 31. desember 1998, kan tildelast einingskvote til og med 31. desember 2011.

.....